

# DEN GAMLE STAVKYRKJA I SYVDE

På "Gamlekyrkjegarden" på Myklebust har det i eldre tider stått ei kyrkje som i mange eldre skrifter har betegnelsen "Stavkyrkje". Om dette var ei stavkyrkje som liknar på dei igjenståande stavkyrkjene i Norge idag er uvisst. Dei fleste av dei ca. 30 stavkyrkjene som har "overlevd" til no står i innlandet der dei klimatiske forhold ikkje er så harde som på våre kantar. Slik som dei er konstruert høver dei svært dårleg til vårt kystklima. I kystsona har svært få kyrkjer overlevd århundra si påkjenning av ver og vind, og det er uhyre sparsomt med oppteignelsar og oppmålingar, slik at vi veit svært lite om konstruksjonar og eksteriør. Det kan tenkjast at middelalderens "kyrkjesmedar" tok hensyn til klimaet og konstruerte kyrkjene annleis i kystområda. Dei tre stavkyrkjene på Nordmøre som enno står, Grip, Rødven og Kvernes har ikkje det opphøgda midtskipet som er så utbreidd i innlandet. Når det gjeld Syvdekyrkja finns der ingen beskrivelse av sjølve bygningen. Det vi har er eit rekneskap frå tida 1659 til 1723, den tida kyrkja låg under Bergen Stift. Av rekneskapen kan ein dra visse slutningar, men dette skal vi koma til seinare.

Kyrkja stod på Myklebust Gard i Syvde og for å få eit inntrykk av staden og omgivelsane skal vi her ta med Hans Strøm sin beskrivelse av gardane Vik, Myklebost og kyrkja, utgitt i 1762 ;

*1. VIIG er den nederste Gaard i Nordalen, beliggende ved Elve-Munden i en liden Viig eller Bugt, af hvilken den bærer Navn, og bestaaende af 9 Voge Fisk, som ere deelte imellem 11 Gaardmænd. Denne Gaard bør da ansees som een af vore store Landsbyer her i Fogderiet; men (efter Velærværdige Hr. Viingaards Anmærkning) skal den baade i Bye og Mark være omtrent indrettet som en Dansk BondeBye, og følgelig have alle dens Feil, bestaaende fornemmelig deri; at Gaardmændene boe alle samlede paa eet Sted, tet ved hinanden, og have altsaa for lang Vei til deres yderste INDENGIERDS-MARKER, som af den Aarsag ikke til Gavns kan dyrkes; og dernæst, at de have alt for mange smaae Ager og EngStykker liggende om hinanden i et Slags Fællesskab, der ligeledes gjør Hinder i Jordens tilbørlige Dyrkning, og foraarsager, at samtlige Gaardens Beboere skal ikkun være i maadelig Tilstand, og langt fra ikke staae sig saa vel, som Naboerne paa Gaarden Myklebust, der have sine Huuse meere adspredte, og sine Marker bedre inddeelte. At de Danske Landsbyer i Almindelighed virkelig have foranførte Feil i deres Indretning, maae jeg slutte af visse i de senere Tider udkomne Danske Oeconomiske Skrifter; og at samme Feil ligeledes findes her, bør jeg troe paa velbemældte Hr. Viingaards Ord.*

*2. MYKLEBUST eller MYKLEBOST, hvis blotte Navn giver en stor Gaard tilkiende, bærer Prisen i Størrelse frem for alle andre Gaarde af samme Navn, ja endog frem for alle andre Gaarde i det heele Fogderie; hvilket dog ei er at forstaae i Henseende til Matrikkel-Taxten (thi den er høiere paa adskillige andre Gaarde, fornemmelig i Nord-Øerne) men i Henseende til Beboernes Antal, da her i alt boe 17 Gaardmænd (\*) og 2 Huusmænd, som med deres Børn og Tyende udgjør 70 til 80 Siele. Gaarden ligger i den nederste Part af Røvds-Dalen (som i øvrigt er ganske ubeboet) og nær ved Elve Munden, hvor Markerne falde sandige og tørre, da de mestendeels bestaae af det saa kaldte Elve-Stodt, det er grov Sand og Steen, som Elven Tid efter anden har skudt fra sig, og som den idelig forandrer ved Indbrud, Tilsætninger og Oversvømmelser, af hvilke sidste denne Gaard ofte hiemsøges, og sættes undertiden saa dybt under Vand, at Beboerne maae forlade deres Huuse. Derimod har denne Gaard*

*vidtløftige og ypperlige Græsgange, saa og skøn Herlighed af Birke-Skove og Vildt, især af Hiorter, som opholde sig der heele Sommeren igiennom, men begive sig mod Vinteren nærmere ud til Havet, fornemmelig til Stadtlandet, undertiden og til Gurskøen, da de, for at komme til det sidstnævnte Sted, maae svømme over Røvdefiorden. Paa denne Gaards Grund staaer*

*3. SØVDE KIRKE, en liden, gammel og uanseelig Stav-Kirke, som hverken ud- eller indvendig har noget mærkverdigt at fremvise, undtagen en gammeldags Alter-Tavle, indrettet omtrent som et Skab med dobbelte Døre, og med et malet Billede uden paa hver Dør, da det eene forestiller Jomfrue Maria, men det andet St. Ole, trædende paa en kronet Slange, samt holdende i den eene Haand en Kalk, og i den anden et Sværd, med denne underskrift ; SANCTUS OLAUS. Kirken vedligeholdes paa SogneFolkets Bekostning, og eier et Jordegods, bestående af 11 Voge 2 Pd 1 1/2 Mk. Fisk.*

*(\*) Den Gaard Syness paa Vigerøen skylder 16 Voge Fisk, og har kun 15 Gaardmænd. Blindem paa samme Øe skylder 18 Voge Fisk, og har kun 12 Opsiddere. Godøe i Borgunds Sogn, som har den høieste Taxt i Sundmørs Matrikkel, skylder heele 24 Voge Fisk, men har dog kun 11 Gaardmænd og 1 Husmand. Disse og fleere paa Nord-Øerne beliggende Gaarde ere, formedelst Herligheden af Fiskerierne, satte langt høiere op i Taxten, end de i Grunden kan gjøre Skiel for.*

Så langt Hans Strøm sin beskrivelse. Det kan sjå ut som han i stor grad baserer seg på andre sine beskrivelser og utsagn, og om han sjølv har vore i Syvden når han skreiv bøkene er uvisst. Då han samla inn materialet til bøkene sine, som kom ut i 1762 og 66, var han kapellan i Borgund. Først i 1764 fekk han prestekall i Volda, og då var bøkene komne til trykkeriet forlengst. Etter at han kom til Volda må vi rekna med at han var i Syvden.

For garden Vik har vi eit utskiftingskart som vart teikna og oppmålt i 1870. Myklebust fekk sitt utskiftingskart i 1873. Desse utskiftingskarta er svært detaljrike og nøyaktige, og dei skulle vera nettopp det, fordi dei var grunnlaget for den utskifting som skulle foregå. Det var her snakk om fordeling av økonomiske verdiar og det var då svært viktig at alt vart riktig og rettferdig. Vi har dermed ein god situasjonsbeskrivelse for Vik og Myklebust år 1870. Hans Strøm gjorde sin beskrivelse av gardane ca 1750 og utover, og det stemmer så godt med desse karta at han gjerne kunne vore i Syvden i 1870 og gjort sine observasjonar då. Av dette kan vi slutte at Syvdsbotnen ikkje har gjennomgått store endringar på desse 120 åra.

Om vi så går endå 100 år tilbake i tid, kjem vi til 1650-åra då dei første kyrkjerekneskapane er nedskrivne. Det er grunn til å rekna med at dette hundreåret er endå meir statisk og uforandreleg enn det etterfylgjande. Kva tid oppdelinga på Myklebust gjekk føre seg er vanskeleg å seia, men i skattelista 1603 har garden 15 bruk, matrikkelen av 1667 nemner 18 gardmænd (bruk), matrikkelen av 1724 har 17 bruk, medan altså Strøm 25 år seinare nemner 17 gardmenn (17 bruk). Matrikkelen i 1774 nemner 16 gardmænd. I 1801 vart det foreteke folketeljning, og då er på Myklebust 24 familier med ialt 101 personar. Det var då fleire bruk med 2 familier slik at denne fortel ikkje noko om antall bruk. Alt dette vitnar om stabil busetnad, og det er grunn til å tru at dette busetnadsmønsteret kan førast attande til tidleg vikingtid. Ut i frå dette kan vi rekna med at utskiftingskartet for Myklebust beskriv nokså nær

Olavskyrkja i Syvde sine omgivelser og miljø for året 1659, det første året i rekneskapen. Og kyrkja sto på tunskipnaden til det eldste tunet, kalla "Garden" eller "Storegarden".

Desse utskiftingskarta har ein litt spesiell oppbygning. Før utskiftinga starta teikna ein eit nøyaktig kart over eignedomen med fysiske ting som hus, vegar, elvar, geiler, steingardar, strandline o.l. med heil strek. Deretter la ein på alle byteliner mellom teigar som prikk-line og førte på eigaren sine forbokstaver med små skrift. Dermed hadde ein no-tilhøva før utskiftning.

Så føretok ein utrekning og ny fordeling av jorda. Dei nye bytelinene (grensene) vart så lagt på same kartet oftast med ei prikk-strek-line noko kraftigare enn den tidlegare prikk-lina. Forbokstavane til eigaren av det nye stykket vart så påført med stor bokstav. Nye ut-tekne vegar og geiler vart påført kartet med strek-strek-liner. Kartet vart svakt fargelagt der fargen er tegn på kvalitet eller bonitet, også bruksområde. Desse karta kan ved første augekast verka noko uryddige, men når ein finn systemet er dei lette å finne fram i. Dei beskriv ein både før og ettersituasjon.

Vi skal no sjå litt nærmare på kartutsnitt av Myklebost frå 1873:



**A.** Dette er sjølve kyrkjegarden. Den dekkjer eit areal på 2,6 dekar og er som vi ser omkransa av eit breidt steingjerde. Etter at kyrkja var riven i 1836, vart materialer og grunnmur spreidd rundt i bygda til bruk i løder og uthus og murar. Mesteparten vart nok brent som ved. Etter at tomta var rydda vart kyrkjegarden eit ingenmannsland som stod i fare for å gro til med kratt. Ny kyrkje var no bygd i Vik. Grunneigarane på Myklebust har no delt kyrkjegarden slik at alle bruk fekk ein liten teig i høve til si skyld. Desse små slåtteteigane vart brukt slik fram til 1930-åra. På utskiftingskartet frå 1873 kan det identifiserast i alle høve 14 småteigar. På nordsida av kyrkjegarden er noko rart. Delingslinene for desse teigane går ut forbi kyrkjegardsmuren og omfattar eit lite område på utsida av nordre mur. Det kan sjå ut som også dette området er ein del av kyrkjegarden. Var dette kyrkjegard skulle muren vore flytta ut slik at dette området kom innafør. Det kan likevel tenkjast at det var ein gravplass. I tidlegare tider var det slik at den som hadde gjort ein grov forbrytelse skulle gravleggjast utanfor kyrkjegarden, og dette kan ha vore ein gravplass for slike mindre verdige på utsida av kyrkjegardsmuren. I nordaustre hjørne av kyrkjegardsmuren mot bygdavegen er ei opning og antydning til veg inn. Der kan ha vore ein port inn. Likedan i sydaustre og sydvestre hjørne.

**B.** Dette er "Garden" eller "Storegarden". I 1873 var der 27 større og mindre hus, og eg meiner å kunne identifisere 6 bruk. Tunet er på kartet av ein mørkare farge, som skal markere at dette ikkje er åker eller eng. Det er eit nærrområde for arbeid og fritid, der ungar og kattar og hundar og kje og hestar og vakse folk kunne ferdast fritt. I åker og eng var det sjølvsagt ferdselsforbod i vekstsesongen. Tunet dannar ein trekant med breiaste enden mot syd der husa ligg, går forbi kyrkjegarden og endar i ein spiss nordover langs bygdevegen. I nordenden er det tre jordstykke (kvier ?) som er innegjerda, truleg med steingjerde. Desse kan vera til dyrking av vekster eller ein plass for hestane i matykta og middagskvilda. Eller kanskje ei inngjerding for kje eller for julegrisen som ein brukte å la gå ute om sommaren i eldre tider. Det kan sjå ut som denne tunskipnaden har vore brukt som fellesareal, det er oppdelt med eigedomsgrenser for kvar av dei 6 brukarane, men her er lite eller inkje av steingjerder eller anna fysisk avgrensing. Resten av det frie arealet rundt kyrkja er vel det som ein kallar "Kyrkjebakken", plassen der folk brukte resten av søndagen etter preika til sosialt samvær, handel og avtaler, og opplesing av kunngjeringar og påbod osv. Ved visitasen 1819 vart det klaga over at søndagen ikkje vart halden heilag som den burde. Det vart drive handel utanfor kyrkja, bråk og ståk under gudstenesta, langvarigt opphald på kyrkjegarden før preika og springing ut av kyrkja straks preika var slutt. Som rådebot for dette vart påbode høvelege mulktar eller gapestokk. Gapestokken vart i Norge avskaffa ved lov av 17.mai 1848. Av visitasmeldinga går det fram at denne klaga helst gjaldt hovudkyrkja i Vanylven.

**C.** Her ligg Bønausta på rekkje. Det er nausta til Bøgardane som ligg vest for bygdavegen mot Røvsdalen. Ein del av desse gardane ligg utanfor vårt kartutsnitt. To av desse nausta er store nok til å ha vore bygd for "Storebåt" av ei eller anna type. Desse vart brukt til å "ro fiskje utom land" om vinteren. Fjøra ved Bønausta var lang-grunn og vanskeleg, så kyrkjefolket som kom i båt landa truleg ikkje her. Det var heller ikkje utteke veg opp til kyrkja.

**D.** Bygdevegen frå Myklebust går nordover forbi Bakkenausta, som ligg like utanfor vårt kart, og vidare nordover langs stranda til tunet (den danske landsby) i Vik. Her kom kyrkjefolket frå Eikrem, Nordalen og Vik, og ved Bakkenausta tok dei truleg i land folket som kom med båt utifrå fjorden. Eg veit at såpass nær som frå Opsal var det mest vanleg å bruka båt til kyrkje. På andre sida fjorden brukte truleg også folket på Løset, og kanskje

Oseberget også, båten som framkomstmiddel. Ein slapp då å vasse over elvane som ofte kunne vera flomstore og ufarbare. Lenger ut i fjorden var det heilt sikkert båten som vart brukt. Somme stader hadde ein spesielle kyrkjebåtar, nokre lange beist som vart brukt berre til kyrkjereis og som tok mykje folk. Desse vart ikkje brukt til fiskeri og var ikkje tilsvina med sildeslo og liknande. Det var nok mange båtar som låg ved Bakkenausta på preikesøndagane. Bakkenausta høyrde til Bakkegardane som ligg på austsida av bygdevegen framover Myklebust.

**E.** Lendalselva renn ut i fjorden aust for Bønausta og buktar seg oppover og midt gjennom tunet i Storegarden og vidare framover heile Myklebust. Dette var truleg hovedvasskjelda til folket som budde i Garden. Når ho kjem dit har ho rendt forbi mange gardar og mykje gjødsla mark på sin veg, og kor reint vatnet var er det ikkje godt å vita. Men det kan godt hende dei hadde ein jordgraven brønn til matvatn.

**F.** Bygdevegen mot Røvsdalen og Sætra er truleg den eldste av vegane på garden. I den første naturalhusholdets tid var det viktigare med god tilkomst til beiteressurser og sætring enn med sambandet til nabolaget. Teoretisk kan den vera 1500 år gamal og var rimelegvis frå først av ein terrengavhengig sledeveg og burås som kanskje gjekk heilt til Buholm.

**G.** Denne vegen går inn Årøyane til eit vad over Røvsdalselva, og derifrå over Brekke mot Sørtdalen. Arkeologiske utgravingar i Sørtdal tyder på at der var busetnad alt i jernalderen. Derfor kan også denne vegen vera svært gammal, og vegen og vadet var nok mykje brukt heilt til den seinare vart avløyst av veg og bru over elva høgare opp. Den fyrste brua som vart bygd av oppsitjarane i 1869 var på same staden som brua er i dag.

**H.** Frå Storegarden går ei geil eller burås som endar i Årøyane. Denne har steingjerde på begge sider og vart nok brukt haust og vår, dvs. før og etter at kyrne var på sætra om sommaren. Vi ser at denne går vidare nordover i vestre kant av tunet i Storegarden til den endar ved bygde-vegen mot Vik. På denne måten fekk også dei heimste Bakkegardane tilkomst til beitet i Årøyane. Frå enden av denne buråsa i Årøyane, utanfor vårt kartutsnitt, ser det ut som det går ein veg til eit vad over Oselva. Dette var einaste måten å koma over til Bulegene og Oseberget, Vika og der som Syvde meieri ligg idag. Bru over elva fanst det ikkje då. Ved munningen av Oselva var og er det svært flatt terreng. Elva har gjennom århundra teke fleire gjennombrudd og fleire vegar før ho har funne sitt endelege elvefar slik det ligg idag. Difor var det i tidlegare tider fleire "køylar" eller trange vikar som sjøen gjekk fram i på begge sider av elva. (Gamle utgropingar.) I desse "køylene" brukte ofte oppsitjarane på Myklebust å ha liggande færingane sine til fortøyning. Ei segn seier at ein gong i tida skulle kyrkjeklokka anten seljast og det skulle kjøpast ny, eller så skulle den bort til omstøyping. Klokka var nedteken og førd ombord i båten som var lasta og klar til reis. Om natta vart båten lagt bort i ei av desse "køylene" og fortøygd der. Morgonen etter fann dei båten kvelva og kyrkjeklokka var forsvunnen i mudderet. Det vart sagt at båten var fortøygd slik at når sjøen fjøra gjekk den rundt på grunn av førtøyningane. Kyrkjeklokka vart ikkje attfunnen og er dette rett ligg ho no i fyllinga ved Syvde Meieri eller i fyllinga på andre sida av elva.

**I.** Like utanfor vårt kartutsnitt låg Bakkenausta der som Nordfjord Handelslag sin eigedom ligg idag. Der var også storebåtnaust. Ved Bakkenausta var det også lang-grunt, men på langt nær so ille som ved Bønausta. Det var nok lettare for kyrkjefolket å gå i land her og det låg like ved bygdevegen som gjekk forbi kyrkja. Når det var gravferd ut i fjorden vart

kista førd i båt og frå Bakkenausta og til kyrkjegarden gjekk ferda med hest og kjerre, eller slede.

**Slik var tilhøva på Myklebust i 1873 og vi kan med stor grad av sikker- het anta at slik var det også i 1650-åra. Når vi no veit at i tidleg mellom-alder (etter år 1000) var det nok folkesetnad i Syvden til å reisa kyrkje må vi rekna med at den fyrste busetnaden er mykje eldre.**

---

Når det gjeld Hans Strøm sin beskrivelse av sjølve kyrkja er den nokså upresis. Når han kallar Syvdekyrkja liten, gammel og uanseelig, samtidig som han nemner Sandekyrkja som temmelig stor og indentil prydet med Malning, Forgyltning og andre Ornamenter, tyder dette på at hans opplysningar er fortalt av andre. Etter rekneskapen som vi skal sjå seinare hadde begge desse kyrkjene same korsform og omtrent samme størrelse, Sandskyrkja truleg noko større men ikkje vesentleg. Når det gjeld innvendig utsmykning låg nok Sandskyrkja eit hakk foran, idet denne hadde større inntekter i høve til størrelse og vedlikehaldsbehov. Det kunne difor brukast meir pengar til innvendig oppstasing. Det kan difor tenkjast at Strøm eller den han har sine opplysningar frå har vorte blenda av den innvendige prakt i kyrkja på Sandsøya og derved oppfatta denne som spesielt stor (og staseleg). I Strøm si tid hadde Sandekyrkja også eit tårn i kvar ende, over våpenhuset og over eit tilbygg til koret. Det kan sjå ut som i denne tida la ein meir vekt på innvendig prakt, medan det utvendige utsjåande var uvesentleg. Eksteriøret var berre eit nødvendig skall som måtte haldast vedlike som beskyttelse for dei innvendige kunstverka. Strøm har likevel funne noko å skriva om i Syvdekyrkja også, og det er ei gammeldags altertavle forma som et skap med dobbelte dører. I den gamle kyrkja på Stranda var eit slikt skap som er datert ca. 1520. Dette er avbilda side 441 i boka "I Balansepunktet" utgitt av Sunnmørsposten 1994. Dette skapet har seinare fått påbygt eit toppstykke med Christian IV sitt monogram. Toppstykket på altertavla i Syvdekyrkja i dag kjem frå den gamle Olavskyrkja, og om vi tenkjer oss dette toppstykket påsett skapet i staden for det med kongens monogram har vi eit mulig alterskap av den typen Strøm beskriv i Olavskyrkja. Vi ser at skapet frå Stranda har utskårne figurar ståande inne i skapet. Strøm skriv at skapet i Syvde hadde eit malet Billede utenpå på kvar dør. Dette må vera dei helgenfigurane som heng i kyrkja i dag og som er datert som mulig 1200-tal, eller heilt sikkert 1400-tal. Når det gjeld den eine, Heilag Olav-figuren, er det ingen tvil, Strøm beskriv han akkurat slik han er. Sverdet som han skal halde i venstre hand er vorte borte og erstatta med eit kors. Dette vart fjerna som uekte av fagfolka som restaurerte figurane i 60-åra.

Når det gjeld den andre skriv Strøm at den framstiller Jomfru Maria. Kvinna som er avbilda framstår som boklærd, ho les i ei bok som ho held i høgre hand. Når kunstnaren på 12 eller 1400-talet har gjort ei slik framstilling er dette spesielt. Det var berre kongsdøtrer som fekk opplæring i bokkunsten den gongen. Og som vi kan sjå så har ho ei krone på hodet.

Det er mange teorier om kven det framstiller, Strøm sin om Jomfru Maria er klart feil, det har også vore sagt St. Sunniva, St. Katharina og restureringsmannen Bjørn Kaland meiner det er Den Hellige Margareta av Antiokia.

Kanskje vi bør halde på St. Sunniva som er vestlandets spesielle skytshelgen. På 12- til 14-hundretalet var Sunniva eller Sunneve eit utruleg populært døypenamn i vestlandsfylka og vel spesielt i Nordfjord. Sunniva-tradisjonen har nær tilknytning til akkurat dette området rundt Selje. St. Sunniva var etter segna kongsdotter frå Skottland/England og etterdi ho var

grunnleggjar av klosteret i Selje kunne det neppe vera noko i vegen med lese og skrivekunsten. At ho står på ein drage kan symbolisere at ho og hennar fylgje med nøda overvann drukningsdøden på havet før dei stranda i Selje. Havet vert ofte i samtidige teikningar framstilt som ein drage som slukjer sine offer. Strøm som var utdanna som prest burde sjå at dette ikkje var Jomfru Maria om han sjølv var på staden. Men verket hans "Sundmøres Beskrivelse" er så omfattande at han umuleg kunne sett alt han skriv om. Det er rimeleg at han i stor grad baserte seg på opplysningar han fekk frå andre, og i så fall kunne forteljaren ha trudd at dette var Jomfru Maria. Det vert heller ikkje gitt detaljopplysningar om denne figuren slik som om den andre som forestillar Heilag Olav. Desse figurane hang på utsida av alterskapet, ein på kvar dør. Det har vore hengt seg litt opp i at i teksten står "et malet Billede" og at dette skulle vera eit maleri malt på døra. Då må ein ta i betraktning korleis dei brukte språket og orda for 250 år sidan. I alle gamle bibelomstjingar står at "Gud skapte mennesket i sitt Billede" og ingen kan vel koma på tanken at det var eit maleri Gud skapte. Gud skapte (etter sigende) ei etterligning av seg sjølv akkurat som desse figurane er ei etterligning av modellen Heilag Olav og St. Sunniva, men med den vesentlege forskjell at mennesket er levande og desse figurane ikkje. I teksten står "med et malet Billede uden paa hver Dør", der eg tolkar "uden paa" som at desse Billed ikkje var ein del av sjølve døra, som eit påmalt maleri ville vera, men hang utanpå. Desse figurane var opprinnelig vakkert fargelagt, men hadde blitt overmalte. I 1960-åra vart dei restaurerte og ført tilbake til original utsjånad. Noko meir har ikkje Strøm å berette om kyrkja i Syvden. Når eg tvilar på at han har vore så mykje her i distriktet har det fleire grunnar i tillegg til dei før nemnde om kyrkja. For det første så var Vanylven den absolutte utkant i fogderiet, og Strøm sat i Borgund og skreiv for hand, eit enormt arbeid som ikkje ga mykje tid til overs til reisevirksomhet. Og når det gjeld vårt distrikt nemner han fleire ting som må vera fri fantasi. Om "Grøtdalen" skriv han om nokre store "Grøtstene" (d.e. mjuk stein) som har gitt dalen namn. Desse eksisterer ikkje. I Kvandalen skulle det ver slike mengder av planten Kvann at ungdomen kom i flokkar frå dei ytterste øyane om sommaren til stemne for å eta kvann. Dette er ukjent for lokalfolket. På kartet som han har teikna har Røvsdalen teke ei slik retning at den endar i Årskogdalen på Rovde. Han kallar den Røvsdalen og det må vera dette som har skapt misforståelsen og feilen. Men ser vi bort i frå slike småting så er det eit enormt samtidsverk han har skrive om Sunnmøre og folket her.

---

Ei anna gammal kjelde som nemner Syvdekyrkja er Aslak Bolt si jordebok frå ca. 1433. Dette er ei registrering av erkebisen i Trondheim sine jordeigedomar i heile landet. Denne registrer-inga omfattar kun erkebisen sin eigedom og nemner ikkje anna kyrkje- eller klostergoods. Derfor er for eksempel Syvdekyrkja sitt jordegods ikkje nemnt i det heile. Etter svartedauden var det noko uryddige forhold når det gjaldt jordeigedomar, og for Aslak Bolt, som var erkebiskop i Trondheim, vart det eit mål å skape orden, også for å sikre bispesetet sine inntekter. Vi kan her ta med dei kyrkjesokn han nemner på Sunnmøre:

*I nørdralutanom Sunnmøra fylkie*

*I haarhamars kk.sokn ..... (Haram) I vigrene kk. sokn ..... (Vigra)*

*I Pæders kk. sokn j borgund (Borgund) I skodynar kk. sokn ... (Skodje)*

*I watna kk. sokn..... ( Vatne) I aura kk. sokn ..... (Sykkylven)*

*I øraskogx kk. sokn ..... (Ørskog) I stoladals kk. sokn ..... (Stordal)*

*I dals kk. sokn ..... (Norddal) I sløstada kk. sokn ..... (Slyngstad)*

*I sunnifle kk. sokn ..... (Synnylven) I sulta kk. sokn ..... (Valldal)*  
*I pæders kk. sokn a strandenue(Stranda) I*  
*sydralutanom sunnmøre fylkie*  
*j hadareidz sokn ..... (Hareid) I vlfsteins kk. sokn ..... ( Ulstein)*  
*I worffrv kk. sokn j bonadale(Hjørundfjord) I kross kk. sokn j ærst ..... (Ørsta)*  
*I halkelsuiks kk. sokn ..... (Volda) I sandz kk. sokn ..... (Sande)*  
*I herøvia kk. sokn ..... (Herøy)*  
*I wanifle kk. sokn ..... (Vanylven)*  
*I olafs kk. sokn j sybde ..... (Syvde) Af sultar xx ma.ma.b. (b.f.iiij. lp.) (Sylte) Af*  
*yttre skor ..... (Yttre Skår) af vidanes iiij ma.ma.b. .... (Vidnes) Den*

einaste sokna som manglar i denne lista er Rovde sokn. Det kom nok ganske enkelt av at erkebispem i Trondheim ikkje eigde jordegods i det soknet.

Av det oppnemnde jordegodset har eg her teke med berre det som gjeld Syvde og Vanylven. Noko meir står det ikkje om Syvdekyrkja i Aslak Bolt si jordebok.

Aslak Bolt må ha vore ein ordensmann eller kanskje ein skal seia perfeksjonist. Då han i 1429 tiltrådte som erkebiskop i Nidaros, sette han ilag med korbødrene i Trondheim opp eit register eller liste over all sin personlege eigedom ved tiltredelses-tidspunktet.

Dette hadde den klare hensikt at samanblanding av kyrkjelege og private saker ikkje skulle skje under utøving av embetet. Noko slikt kjenner ein ikkje til frå dei tidlegare eller seinare erkebispene. Dette registeret finst i arkiva i dag.

Denne jordeboka er skreven like etter svartedauden og vi ser sokneinndelinga alt då har ei fast organisering som heldt seg heilt fram til 1800-åra. Vi må rekne med at denne sokneinndelinga i 1430 kanskje då var 2 til 300 år gammal. Det som her er beskrive er då også situasjonen før svartedauden ca 1350 og utover fordi vi må rekna med at under og etter pesten vart det ikkje oppretta nye inndelingar. Med den reduksjon i folketalet som vart er det rimeleg at det var vanskeleg å oppretthalde dei kyrkjesokna og kyrkjene som alt var. Først i hundreåret mellom 1800 og 1900 som vert rekna for det store kyrkjerivingsårhundret vart det visse endringar i denne sokneinndelinga. Mellom år 18 og 1900 gjekk mange kulturskattar tapt.

**Etter dette kan vi rekna med at Syvde kyrkje vart bygt i alle fall før svartedauden ca. 1350 og truleg etter at kristendomen fekk skikkeleg fotfeste ca. 1150.**

Ved den gamle bygdevegen som gjekk frå Bakkenausta og forbi kyrkjegarden låg det i tidlegare tider ein jordfast stein som av folk på Myklebost vart kalla "Kongen". Denne låg noko nord for kyrkja omtrent ved den innegjerda kvea som ligg lengst nord på hovedtunet (kyrkjebakken.) Etter segna skal den lokale småkongen som heitte Ring vorte drepen der. Dette skulle ha skjedd i ein strid med ein annan nabokonge, ein eller annan gong i førkristen tid. Det skal då ha stått eit hov der som kyrkja vart bygd. Segna seier at kongen vart førd til Ringefjellet og hauglagt der. Dette vart gjort fordi dette fjellet låg midt i riket hans, og undersåttane hans ikkje vart samde om kvar han skulle haugleggjast. Kong Ring sitt rike skulle då omtrent svare til Vanylven Kommune.

Vi kan her ta med ei segn av nyare dato. Som vi seinare får dokumentert av rekneskapen var Iffuer (Iver) Paulsen Viig kyrkjeverge frå 1671 til 1686. Iffuer var også lagrettemann. Han vart som gammal "fra sin fornøft", og då skulle kona gje ei lysekrone til Syvde kyrkje, noko



som er rett, for i inventarlista 1689 er nemnd "1 Lyssecrone paa 6 Piber forærit af Iffuer Wiig". Denne lysekrona var i bruk også i den nye kyrkja i Vik. Søvde Sogns Kommune kjøpte kyrkjebygningen i Vik med "Inventarium og Tilligelser undtagen Jordegodset" med formell overtaking 1/1 -1870. På ein eller annan måte gjekk då denne lysekrona over til ein av dei tidlegare kyrkjeeigarane. Han slo ho då sund for å bruka messingen til å bøta malmgryter med. Steinar Paulsen Vik skulle vera med då lysekruna vart sundslegen, og han fortalde at eigaren vart mykje arg, då han såg at den berre var av tynne rør og ikkje heilstøypt som han trudde.

Den gamle kyrkjegarden i Syvde ligg idag slik den var etter at kyrkja vart riven i 1836 og plassen vart rydda og teken i bruk til slåttemark. Der har ikkje vore brukt moderne og djuptgåande traktorreidskapar og undergrunnen er uberørt. Ved arkeologiske utgravingar ville ein få mykje meir viten om kyrkja si fortid og dermed også Syvden si fortid enn kva vi no kan finne i skrivne kjelder. Om ein til eksempel fann restar av jordgravne stolpar (som no er funne på Rovde) ville ein vite med stor sikkerhet at her har stått ei tidlegare kyrkje, som kanskje kan datera seg til lenge før år 1000 og kristendomen sitt offisielle inntog i Norge. Ein veit også at dei første kyrkjene ofte vart bygde på same staden som dei mykje eldre heidenske hova sto, så gamlekyrkjegarden kan vera ei arkeologisk skattkiste

**Olav A. Opsal**